



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ola Betten, 71 25 84 76

Runde og Grasøyane - Herøy og Ulstein kommunar - oppstartsmelding supplerande vern

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil med dette informere om at vi startar opp verneprosess etter naturmangfaldlova for Runde og Grasøyane i Herøy og Ulstein kommunar.

Bakgrunn

Oppstart av vernearbeidet har bakgrunn i St.meld. 14 (2015-2016) Natur for livet, om bevaring av verdifull natur i Noreg. Arbeidet tar sikte på å dekke opp manglar ved eksisterande verneområde for trua landskap, naturtypar og artar. Tilsvarande verneprosessar skal føregå i ei rekke område over heile landet.

Miljødirektoratet har, på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, gjennomført ei omfattande nasjonal analyse av manglane ved eksisterande vern. Etter innspel frå Statsforvaltaren har mellom anna Runde og Grasøyane blitt prioritert for vurdering av nytt vern etter naturmangfaldlova. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fått oppdrag å starte arbeidet med vern.

Runde

Runde-området er verna på fleire vis. Første vernet som fuglelivsfreding kom i 1957. I 1981 vart det etablert tre fuglefredingsområde på Runde og eitt ute på Grasøyane i Ulstein. Føremålet er å ta vare på hekkande sjøfugl. Resten av landarealet på Runde og det kringliggande sjøområdet fekk fuglelivsfreding, dvs. eit forbod som avliving og skade av dyre- og fuglelivet.

I 1996 vart Goksøymyrane freda som naturreservat med fokus på myrvegetasjonen. Dyrelivet har ikkje fått noko spesielt nytt vern med dette.

Verneforskriftene framstår som umoderne i høve til både verneverdiar og brukarinteresser. Dei er ikkje tilpassa nye ferdselsformer og teknologi, og det er behov for ei oppdatering av desse.

Det er mange verdifulle areal oppe på Rundefjellet som ikkje er verna. Dette gjeld store areal med kystlynghei og noko oseanisk nedbørsmyr som ikkje er med i naturreservatet. Her har kome ein koloni med storjo som vert uheldig påverka av ferdsel.



Lovverk og prosess for vern etter naturmangfaldlova

Arbeidet med nytt vern på Runde og Grasøyane vart offentleg kunngjort i Sunnmørsposten og Vestlandsnytt, 14. juni 2024.

Prosessten med vern vil vidare følgje naturmangfaldlova § § 41 – 43, og i samsvar med forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar kap. IV – VI, og § 37.

Naturmangfaldlova §§ 41–43 har omfattande krav til mellom anna tidleg informasjon til aktuelle grunneigarar, organisasjonar og offentlege instansar. Forvaltningslova § 17 krev også plikt til greie ut konsekvensane ved eit vern. Likeså må kunnskapsgrunnlaget vere best mogleg, jf. naturmangfaldlova § 8. For grunneigarar og rettshavarar inneber dette at vi gjennom heile prosessen vil vere opne for førebelse synspunkt og spørsmål om vernesaka og framdriftsplan for arbeidet.

Naturreservat, som den mest aktuelle verneforma, kan opprettast etter naturmangfaldlova § 37 i område som:

- a) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur,
- b) representerer ein bestemt type natur,
- c) på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald,
- d) utgjer ein spesiell geologisk førekomst, eller
- e) har særskilt naturvitskapleg verdi.

Det kan både vere aktuelt å vidareføre delar av det eksisterande vernet på Runde, eller slå saman område til større verneområde. Dette vil bli avklart under prosessen.

Framtidige verneforskrifter vil vise verneområdet sitt formål, herunder kva natur- og kulturverdiar vernet skal ivareta og den tilstanden ein ønskjer oppnådd med vernet, grensene til verneområdet, berørte eigedommar og bestemmelsar om bruk av området.

Forskrift om verneområde i sjø skal oppgje om verneformålet gjeld sjøbotnen, vassøyla, vassflata eller ein kombinasjon av desse. Her vil vi vise til naturmangfaldlova § 34.

Pågåande aktivitet og bruk kan normalt fortsette og utviklast innafor rammene av verneføremålet. Vernet kan gjennom forskrift innebere konkrete råderetts-innskrenkingar for grunneigarar/ rettshavarar, næringsinteresser og befolkning elles. Grunneigarane vil behalde grunneigarretten til eigedommen. Generelt sett vil eit vernearbeid etter naturmangfaldlova ta sikte på å unngå vern av mellom anna dyrka mark og private driftsbygningar, bustad- og hyttefelt, og viktige eksisterande næringsområde og infrastruktur.

Når det er etter kvart er utarbeidd eit framlegg til kunnskapsgrunnlag, vernegrenser og vernereglar, vil dette bli sendt ut på lokal og sentral høyring til grunneigarar og andre aktuelle partar, der vi ber om skriftlege fråsegner på framlegget. I samband med høyringa vil vi også legge til rette for møte og synfaringar for dei som måtte ønske det.

Vedlagte kart er sær grovt og inneber ingen vernegrenser, men derimot undersøkingsområde for vidare kartleggingar som skal gjerast.



Hausten 2024 vil vi synfare dei aktuelle verneområda grundig for å innhente mest mogleg kunnskap om både verneverdiar, bruksinteresser og eventuelle konflikhtar med vern. Lokal kunnskap frå grunneigar/rettshavar, kommune, organisasjonar og andre vil vere ein viktig del av dette.

Vi har hatt orienteringsmøte med kommunen om saka. Vi vil halde tett kontakt med kommunen, og andre aktuelle interessentar og organisasjonar.

Vidare formell prosess

Etter grundigare avklaring av verneverdiar, moglege vernegrenser og eventuelle brukskonflikhtar, vil det bli avgjort om det skal utarbeidast framlegg til vernegrenser og verneforskrifter.

Statsforvaltaren utarbeider så verneforslag med utkast til vernekategori, avgrensing og verneforskrift ut frå formålet med vernet. Dette skal kvalitetssikrast av Miljødirektoratet, før det blir sendt ut på lokal og sentral høyring til alle aktuelle partar. Statsforvaltaren vil samanfatte alle fråsegner, gjere naudsynte endringar av framlegget, og sende ei fagleg tilråding til Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet vurderer Statsforvaltaren si tilråding og utarbeider innstilling til Klima- og miljødepartementet med framlegg til verneforskrifter og avgrensing.

Klima- og miljødepartementet samordnar saka med aktuelle departement og førebur saka for behandling i regjeringa.

Vernevedtak vil skje av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon.

Spørsmål til vernesaka kan rettast til Ola Betten, epost: ola.betten@statsforvalteren.no ; eller Linda Aaram, epost: linda.aaram@statsforvalteren.no. Det ligg også informasjon på heimesida <http://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal>.

Fråsegner og innspel til arbeidet kan sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2025, 6004 Molde, eller sfmrpost@statsforvalteren.no innan 15. august 2024.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Ola Betten
prosjektleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Runde_Herøy_juni2024

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

**Mottakere:**

HERØY KOMMUNE	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
ULSTEIN KOMMUNE	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD MØRE OG ROMSDAL FORSVARSBYGG	Skaret 10	6422	MOLDE
	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
BIRDLIFE NORGE	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATKRAFT AS	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STATNETT OSLO HOVEDKONTOR	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
LINJA AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD NORSK BERGINDUSTRI	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
FISKERIDIREKTORATET ÅLESUND	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
KYSTVERKET ÅLESUND	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
IFF N&H NORWAY AS	Postboks 2045 Raglamyr	5504	HAUGESUND
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
FISKEBÅT	Røysegata 15	6003	ÅLESUND
SØRE SUNNMØRE FISKARLAG	v/Bernt Brandal Almestadbakken 3	6062	BRANDAL
Lasse Holstad	Fløvegen 745	6065	Ulsteinvik
Bjørnar Kleiven	Fløvegen 697	6065	Ulsteinvik
Olav-Sverre Lyng	Fløvegen 713	6065	Ulsteinvik
Atle Birger Flø	Fløvegen 707	6065	Ulsteinvik
Erling Ove Flø	Fløvegen 864	6065	Ulsteinvik
Asbjørn Leif Ø Goksøyr	Rundavegen 29	6096	Runde



Christine Diane Ø Goksøyr	Rundavegen 29	6096	Runde
Paul Karsten Jakobsen	Vikagata 19	6010	Ålesund
Jetmund Runde	Grønhaugvegen 15	6092	Fosnavåg
Gerd Unni Stanes Røvik	Rundavegen 101	6096	Runde
Ruben Kvalsund Kalland	Massvegen 14	6096	Runde
Øyvind Gundersen	Kvithaug Smyra 19	6092	Fosnavåg
Hans Jakob Runde	Rundavegen 145	6096	Runde
Oddmund Anders Kvalsvik	Torvika 39	6095	Bølandet
Anne Runde	Massvegen 30	6096	Runde
Polonia Hanna Runde	C/O Sigvald Runde, Markvegen 7	6092	Fosnavåg
Børre Karsten Eide	Rundavegen 11	6096	Runde
Kari-Mette Runde Eide	Rundavegen 11	6096	Runde
Birgitta K Knoph Runde	Massvegen 20	6096	Runde
Otto Magne Kalland	Rundavegen 37	6096	Runde
Åge Andre Breivik	Midtun 10	6103	Volda
Heidi Fagna	Midtun 10	6103	Volda
Marie Runde	Massvegen 8	6096	Runde
Åsta Johanne Vadset	Hovsetbakkane 27	6065	Ulsteinvik
Rocco Torsten Schwalm	Rundavegen 219	6096	Runde
Olav Trygve Tjervåg	Goksøyrvegen 105	6096	Runde
Randi Magda Goksøyr	Goksøyrvegen 87	6096	Runde
Arvid Goksøyr	Goksøyrvegen 67	6096	Runde
Mikal Goksøyr	Myrvågneset 33	6070	Tjørvåg
Solveig Sandanger	Elgtråkket 42 G	1270	Oslo